

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 28. juni 2019 10:51
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 25/2019, 28. JUNI

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 25/2019, 28. JUNI

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev:

<https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

GOD SOMMAR!

God sommar til alle tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda!

Dette er siste nyhendebrev før ferien. Neste kjem fredag 9. august.

SEMESTERSTART HAUSTEN 2019, 20. AUGUST

Den offisielle markeringa av semesterstart hausten 2019 blir tysdag 20. august kl 12.00 og opplegget blir nokså likt dei siste åra. På opningsdagen kl 10.00 er både inviterte gjester og alle tilsette og studentar inviterte til ei samling i Store BK der fagfornyinga i skulen står på programmet og med Siv M. Gamlem og Arve Fiskerstrand som innleiarar.

<https://www.hivolda.no/students%C3%B8rvis/studiestart>

NOKRE LEDIGE STUDIEPLASSAR: FØLG MED

Det er rekordmange søkjarar til Høgskulen i Volda, men søkinga på ulike studium er varierende. Her finn du ledige studieplassar med løpande opptak:

<https://www.hivolda.no/studium#semester%5B201%5D,201/availability%5B162%5D,162>

Seint i juli vert også ledige studieplassar frå Samordna opptak gjort tilgjengelege.

SENER FOR FRAMIFRÅ UTDANNING (SFU): VOLDA ER EINASTE HØGSKULE I FINALEFELTET

Avdeling for mediefags søknad om å bli Senter for framifrå utdanning (SFU) har kome gjennom første nålauget og er blant 8 finalistar som vil få besøk av ein evalueringskomite 24. september. Volda er einaste høgskule som er med i finalefeltet - alle dei andre finalistane er frå universitet. Prosjektet frå Avdeling for mediefag har tittelen «LEAD - Centre for Excellent Journalism Education» og handlar altså om journalistutdanning. Involverte i prosjektet på AMF er særleg førsteamanuensis Ana Laws, professor Paul Bjerke, førstelektor Tormod Utne og høgskulelektor Steinar Høydal.

<https://khrono.no/diku-finale-sfu/atte-i-finalen-om-a-bli-senter-for-fremragende-utdanning/289496>

RADIO VOLDA FEKK KONSESJON PÅ DAB-SENDING

Det statlege medietilsynet har gjeve øvingsradioen Radio Volda konsesjon til å sende lokalradio på DAB-nettet. Radio Volda har tidlegare fått midlar til sendarar, så når øvingsradioen startar igjen til hausten blir den altså tilgjengeleg også på DAB. Konsesjonen gjeld fram til 2031.

NY SKRIFTSERIE: «SKRIFTKULTUR»

Den første utgåve av «Skriftkultur» har kome ut som Fri tilgang («Open access») publikasjon. Tittelen er «Skriftkulturstudiar i ei brytingstid» og er i stor grad basert på innlegg som vart halde på eit vitenskapleg symposium i Volda i fjor. Redaktørar er førsteamanuensis Stig Helset, AHL og professor II Endre Brunstad.

<https://press.nordicopenaccess.no/index.php/noasp/catalog/book/67>

NYBYGGET: REGJERINGSNOTAT FØRST ETTER FERIE

Diverre har ikkje nybygget for mediefaga («Sivert Aarlot-huset») vorte lagt fram for godkjenning i regjeringa no før ferien. Både høgskulen, Statsbygg og entreprenørar må dermed vente endå ein månad eller to ekstra før bygginga kan starte.

FORSKINGSGRUPPER BLIR INVITERTE TIL Å SØKE OM SÅKORNMIDLAR: FRISTEN ER 30. AUGUST

Forskingsadministrasjonen har invitert forskingsgrupper og forskingsmiljø til å søke om «såkornmidlar», altså midlar som til dømes å arbeide med søknader om eksterne prosjekt. Det er i alt kr 450.000 tilgjengeleg og søknader bør vere på kr 75.000 eller meir. Søknadsfristen er 30. august og det er Forskingsutvalet som tildeler midlane.

EU-SØKNADER: SEMINAR OM EVALUERING AV SØKNADER PÅ HØGSKULEN I VOLDA 12. AUGUST

EU-nettverk NORDVEST (Møre og Romsdal) og EU-nett Sogn og Fjordane inviterer til seminar på Høgskulen i volda 12. august. Seminaret skal handle om evaluering av søknader. Fire forskarar med erfaring frå evaluering av andres EU-prosjekt vil dele sine erfaringar og syne korleis dei har brukt denne kunnskapen for å lukkast med egne søknader. <https://www.hivolda.no/evalueringsworkshop-horisont-2020-soknader>

VOLDA HAR FÅTT LANDETS FØRSTE «STUDENTHUMANIST»

Høgskulen i Volda får landets første studenthumanist. Dette er eit samarbeid mellom Studentparlamentet, Høgskulen i Volda, Studentsamskipnaden i Volda og Human-etisk Forbund. Lone Ellingvåg Knutsen er tilsett i stillinga og har alt tek til. Ho vil i første omgang ha kontor på Studentsamskipnaden. Dette er eit eittårig pilotprosjekt og studenthumanisten gjev studentar tilbod om samtalar.

<https://fritanke.no/nyheter/na-kan-studentene-i-volda-oppsoke-studenthumanisten/19.11185>

NYE STUDENTHEIMAR PÅ HELTNE: ARBEIDET PÅ BYGGETRINN 2 HAR STARTA

No har arbeidet med andre byggetrinn av dei nye studentheimane på Heltne starta, og dei som ønskjer å følgje med på bygginga frå dag til dag kan følgje med frå minutt til minutt på nettkamera:

<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

LEDIGE STILLINGAR: EIGEDOMSSJEF OG HØGSKULELEKTOR I BARNEVERN

Høgskulen har for tida to ledige stillingar: Det er stilling som eigedomssjef drift og om høgskulelektor i barnevern. Ledige stillingar på høgskulen finn du her:

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Oversyn over møte og sakspapir til dei mest sentrale råd og utval ved HVO:

<http://opengov.cloudapp.net/Meetings/HIVOLDA>

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

12.8.2019: Seminar om søknadsevaluering, EU-nettverk NORDVEST og EU-nett Sogn og Fjordane. <https://www.hivolda.no/evalueringsworkshop-horisont-2020-soknader>

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

25.-26.9.2019: Karrieredagane for Søre Sunnmøre. <https://www.hivolda.no/karrieredagane-2019>

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

23.10.2019: Avdelingsseminar ASH

30-31.10: Utdanningsdagane. <https://www.hivolda.no/utdanningsdagane-2019>

31.10.-1.11.2019: Barnehagekonferansen

19.-20.11.2019: Nynorskkonferansen, Hamar. Arr.: Nynorsksenteret. <https://nynorsksenteret.no/blogg/nasjonal-nynorskkonferanse-pa-hamar-i-november>

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook:<https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram:<https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube:<https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen:<https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg:<https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 70 07 50 00

www.hivolda.no

